

SAKSPROTOKOLL

HANDSAMING I LANDBRUK/TEKNISK 25.04.2017:

Lena Vermedal sa seg ugild i saka.

Skriv dagsett 24.04.17 frå barnas representant i Tysnes kommune v/Lena E. Sløgedal vart utlevert til samtlege medlemmer før saka vart teke opp til realitetshandsaming.

Egil Berge la fram følgjande framlegg til vedtak:

Detaljregulering av Alsaker Brygge Sør, Plan ID 1223_200401 med føresegner, plankart og planskildring dagsett 24.01.17 vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Ved røysting fekk framlegget frå Egil Berge 2 røyster (E.B. og A.B.) og rådmannen si innstilling 4 røyster (M.S., G.B., O.C.K og G.L.K).

Etter røysting ligg det føre følgjande

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ LANDBRUK/TEKNISK 25.04.2017 med 4 røyster (M.S., G.B., O.C.K og G.L.K):

Detaljregulering av Alsaker Brygge Sør, Plan ID 1223_200401 med føresegner, plankart og planskildring dagsett 24.01.17 vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 med følgjande endring i rekkefølgekrav § 2 punkt 2.2, « Fortau o_SF1 skal vera opparbeid før ferdigattest for bustader vert gjeve.» endrast til « Fortau o_SF1 og o_SF2 skal vera opparbeid før ferdigattest for bustader vert gjeve.»

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ LANDBRUK/TEKNISK 25.04.2017 med 2 røyster (E.B. og A.B.)

Detaljregulering av Alsaker Brygge Sør, Plan ID 1223_200401 med føresegner, plankart og planskildring dagsett 24.01.17 vert vedteken i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.